



15.09.2021

## **Spires Innspill**

### **Høringsvar Offentlig høring av Kommisjonens forslag til forsterkede klimaregelverk (ETS, ESR og LULUCF)**

*Spire takkar for moglegheita til å kome med innspel.*

#### **1. Vekst i null- og lavutsleppsilar:**

Noreg er allereie godt på veg i dette målet. Likevel er det fleire utfordringar knytta til dette tiltaket.

Produksjon av elbilar krever enorme mengder ikkje-fornybare naturressursar. Denne mineralutvinninga er også problematisk. I dag ser vi alvorlege døme på menneskerettigheitsbrot i utvinning av mineral og metall til grøn teknologi, samt store inngrep i sårbar natur. Eit døme på sistnemnde er gruedumpingsaka i Repparfjord. For å sikre ei bærekraftig satsing auke på null- og lågutsleppsilar må vi adressere desse utfordringane. Derfor er det avgjerande å regulere produksjonen av elbilar, og auke fokuset på dei tidlege ledda i verdikjeda til nye elbilar og sikre bærekraftig og sosialt rettferdig forvaltning av dei viktige ressursane. Det er også essensielt å stille strenge krav til elbilprodusentar om moglegheit til å reparere bilane, for å sikre lengre levetid på nye bilar. I dag er mange [elbilar og elbildelar vanskelege å reparere](#), og ender opp med å måtte kasserast alt for tidleg i livsløpet.

Privatbilismen generelt må ned - og det kan kun løysast gjennom ei omfattande satsing på kollektivtransport. Her må tilbodet utvidast, og prisane reduserast, slik at kollektivtransport kan vere eit reelt alternativ, også utanfor dei største byane.

#### **2. Grønare drivstoff:**

I Fit for 55-strategien saknar vi tydeligare definisjonar på kva som kan kallast grønt drivstoff. Mange av dei eksisterande alternativa til fossile drivstoff i dag har også store manglar. Biodrivstoff, til dømes, [trugar matsikkerheit globalt, og er ein stor drivar av landran.](#)

Ellers er det grunn til å frykte rebound-effekten i forbindelse med drivstoffblandingar der *delar* av drivstoffet er “grønare”. Marknadsføring av “meir bærekraftig” drifstoff kan føre til auka forbruk av drivstoff.

### **3. Karbonavgift**

Gjennomgåande i EUs strategi er fokuset på karbonavgift. Dette er eit viktig - og effektivt - tiltak for å få ned utsleppa.

Spire oppfordrar Stortinget til å benytte denne anledinga til å satse på [Karbonavgift til Fordeling \(KAF\)](#).

Dei sosiale konsekvensane av ei karbonavgift er betydningsfulle, både for politisk gjennomførbarheit og for rettferd. KAF har potensialet til å imøtekomme dei uønska effektene til karbonavgift, gjennom å øremerke deler av inntektene til å tilbakebetale ein flat KAF til bedrifter og husholdningar. Det legg til rette for at dei aktørane som forureinar mest vil netto betale, medan dei med små utslepp kan netto tene på avgifta - noko som igjen blir eit insentiv til å redusere individuelle utslepp.

Gjennomgåande i innføringa av Fit for 55-strategien er det viktig at Noreg tek ansvar for eigne utslepp, og gjennom nytt lowverk sikrar at utsleppsreduksjonane skjer på ein sosialt og naturmessig bærekraftig måte. Tiltaka må ikkje gå på bekostning av sårbare naturområder eller menneskerettigheter. I tillegg er det avgjerande at utsleppa faktisk går ned, og at forureininga ikkje berre blir flytta.